



## Retningslinjer for inngåing av mva-avtaler som ledd i gjennomføring av arealplanar

Vedteke av Alver kommunestyre xx.xx.xxxx

1. Alver kommune kan inngå justeringsavtalar med utbyggere som bygger offentleg kommunal infrastruktur som ledd i gjennomføring av arealplan. Kommunen tilbyr både avtalar om justeringsplikt og avtalar om justeringsrett.
2. Alver kommune tilbyr justeringsavtalar både som eit supplement til utbyggingsavtalar med realytingar, og som sjølvstendig avtale utan føregåande utbyggingsavtale.
3. For at Alver kommune skal inngå justeringsavtale, må kapitalvara (infrastrukturiltaket) koste minimum kr. 400 000 ekskl. mva, det vil sei at mva utgjer minimum kr. 100 000. Dette tilsvarer den nedre grensa i lova, jfr. mval. § 9-1, 2. ledd, litra b.
4. For avtalar om justeringsrett for kapitalvarer (infrastrukturiltak) på kr. 1 600 000 ekskl. mva, og oppover, tar Alver kommune administrasjonsgodtgjersle på 15 % av det årleg justerte beløpet. I desse tilfella utgjer mva frå kr. 400 000 og oppover.

For avtalar om justeringsrett for kapitalvarer frå kr. 1 600 000 ekskl. mva, og ned til den nedre grensa i lova på kr. 400 000 ekskl. mva, tar kommunen eit eingongsvederlag på kr. 60 000 i administrasjonsgodtgjersle.

5. For alle avtalar om justeringsplikt tar kommunen eit vederlag på kr. 45 000 i administrasjonsgodtgjersle.
6. Administrasjonsgebyra blir indeksregulerte årleg.
7. Justeringsavtalar blir inngått administrativt.